

Visma InSchool-appen

Visma har aktivert pushvarsel og internmeldingar i Visma InSchool-appen. Du kan i tillegg sjå timeplanen din og oversikt over fråværet ditt.

For å sende melding eller motta varsel i appen, må du vere kopla til trådløst nettverk eller ha aktivert mobildata.

Merk!

Dersom du ikkje aktivt loggar ut frå appen vil du vere innlogga i 3 månader. Då vil appen bruke wifi/mobildata i bakgrunnen for å hente pushvarsel og internmeldingar. Du vil ikkje få pushvarsel eller meldingar så lenge du ikkje er logga på eller kopla til nett.

Dersom du opplev at pushvarsel ikkje fungerer sjølv om du er logga inn må du sjekke at du ikkje har slått av funksjonen under innstillingar på eigen mobil/nettbrett.

Hugs å følgje med på Visma InSchool sine kanalar for oppdateringar og nyheiter.

